

Skulestad barnehage
v/SU
Fitjavegen 18
5710 Skulestadmo



Skulestadmo, 01.11.13

Det kongelige Kunnskapsdepartement

Svar på høyring om endring i barnehagelova når det gjeld retten til barnehageplass og innføring av minimum to årlege barnehageopptak.

* Vi er ein privat barnehage, og vi har eit årleg opptak ilag med kommunen og elles tek vi inn barn løpande om det vert ledige plassar.

* Vi ynskjer i utgangspunktet ikkje to årlege opptak, da det kun er i august det er mange som sluttar i barnehagen, som fylgje av at mange barn skal over på skulen og nokon barn byter barnehage ved nytt barnehageår.

* Det greiaste er når alle barna byrjar til same tid. Då har ein tilvenning då, og så kan ein jobbe systematisk med ulike tema og aktivitetar jamt gjennom året.

* Dersom det skal vere to årlege opptak, bør det vere ein i halvåret og då bør det vere i februar og august.

* Då vil foreldre som har lyst til å vere litt lenger heime med barna og ha eit reelt tilbod om å utsetje barnehageplassen med eit halvt år viss dei ynskjer det og dei som flytter til kommunen vil og kunne få plass innan rimeleg tid.

* Dersom barnehagane må gå med ledig kapasitet i nokre månadar, i påvente av å ta inn barn i februar, er dette positivt for barn, personale og bygningsmassen, dersom det fylgjer midlar frå staten med til dette. Dersom berre ansvaret for gjennomføringa og økonomien vert lempa over på kommunane, vil det bli enda større slitasje og frustrasjon på personalet og misnøye hjå foreldra, viss det ender med at dei må ta inn mange barn på topp av allereie belasta barnehagar.

* Det står i høyringa at det er lagt fram forslag om løyving på 241 millionar kroner til etablering av nye barnehageplassar som følgje av ny rett til barnehageplass, men det står ingen ting om kven som skal fylgje opp den økonomiske deler i tida etter 2014..... Dette er jo veldig vesentleg for oss å vite. Ingen ynskjer å gå med ledig kapasitet i periodar for å halde av/ta inn fleire barn seinare enn ved hovudopptak. Ein ynskje jo heller ikkje å ta inn barn på topp. Det skal tross alt vere ein trygg og god stad å vere for barn og personale, der det skal foregå leik og læring, sosialt samspel og omsorg, mm. Vi vil ikkje vere ein oppbevaringplass, der ein berre har tid til å drive ”brannslukking”.

- * Det bør vere felles søknadsfristar i alle kommunar.
- * Dersom ein skal innføre opptak i februar, bør alle som er født i tidsrommet 01.09. – 31.12. få tilbod om barnehageplass, ikkje berre dei født i september og oktober.
- * For at kommunen vår skal kunne følgje opp to årlege opptak, må det etablerast mange barnehageplassar. Pr. i dag er det langt frå nok plassar til dette!

Med venleg helsing

Anne Ragnhild D. Kyte
- dagleg leiar -

Inghild H. Nedkvitne
- mellombels SU-leiar -